

Vekeplan 2. trinn – veke 42

13. – 17. Oktober 2025

Informasjon

- Innsamlingsaksjon onsdag 15.10. Elevane må ha på seg gode treningsklede til å vere ute frå 10.00 – 12.40. Dette blir vekas gymtime (ikkje dusjing). Felles info blir sendt ut i Visma. Frå kl. 10.00 kan elevane vera med på sponsorløp der me går/spring rundt fotballbanen. FAU grillar pølser til elevane i lunsjen. Etter lunsj blir det ulike stasjonar på skulens område som elevane kan vera med på.
- Skulen skal ha eit tre vekers langt klasselesekurs. Kvar dag i ei veke skal det jobbast med same tekst. Me skal både sjå på innhald og på ord i teksten. Leseleksene blir som vanleg denne veka.
- Heile skulen har reflekskonkurranse i veke 42, 43 og 44. Det har allereie vorte mørkare på morgningen. men elevane viser godt igjen når dei har på seg refleksvestar eller refleksselar.

MÅL

Norsk	Eg kan lese kjente ord med flyt
Matematikk	Eg kan finne partal og oddetal
Engelsk	Eg øver på dei engelske bokstavane

Lekser

Til tysdag	Norsk: Les  (månetekst) side 40 i Salto høgt 3 gonger for ein vaksen. Dei som klarer det, les både  og  side 40. Kanskje nokon klarer sol teksten på side 41? Hugs at ein vaksen signerer på ark når lekse er lest. Matematikk: Multi s. 24. Fin partal og oddetal. Hugs Målprøvehefte med underskrift!
Til onsdag	Norsk: Les "Kva ser du?" ark i lesemappa 3 gonger høgt for ein vaksen. Set ring rundt rett svar. Signer på arket. Skriv fine ord i ABC-boka di. Ta med ABC- boka til skulen.
Til torsdag	Norsk: Les arket "Mali blir sint" i lesemappa høgt for ein vaksen 3 gonger. Les deretter påstandane nede på arket og set kryss om dei er rette eller feil. Signer på arket Matematikk: Multi s. 25. Undersøk øm tala er partal eller oddetal. Dei som vil kan i tillegg gjera uferdige sider fram til side 26. ABC- boka skal leverast inn torsdag.
Til fredag	Norsk: Les "Leseflytark "i lesemappa 3 gonger høgt for ein vaksen. Skriv setninga fint på arket. Hugs rett plassering i bokstavhuset og ring rundt det hørfrekvente ordet. Signer på arket. Skriv 4 setningar med øveorda i den raude boka di med <u>eit hus</u> på. Prøv å hugsa stor bokstav i byrjinga av ei setning og punktum til slutt. Hugs å øva godt på øveorda - både skriftleg og munnleg.

	ØVEORD				
lat	bil	mil	lyd	pipe	bølge

	tid	måndag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag
1	08.15-09.15	Norsk	Norsk	Norsk	Norsk	Norsk
	09.15-09.45	Norsk	Naturfag	Matematikk	Samfunn	Engelsk
	09.45-10.00	Friminutt	Friminutt	Friminutt	Friminutt	Friminutt
2	10.00-11.00	Matematikk	KRLE	Innsamlingsaksjon	Musikk	Olweus
	11.00-11.15	Mat	Mat	Mat	Mat	Mat
	11.15-11.40	Friminutt	Friminutt	Friminutt	Friminutt	Friminutt
3	11.40-12.40	Stasjonar	Matematikk	Innsamlingsaksjon	Matematikk	Kunst og handverk
	12.40-13.10		Olweus			



HUGS REFLEKS!